

**Fra:** Svein Dyrrdal  
**Sendt:** 08.05.2017 15:49:51  
**Til:** Gmail - solfrid hanna  
**Kopi:**

**Emne:** Søknad om PC'er til Tore Eikelands Legat

**Vedlegg:**

Hei.

Fylkesutvalet behandla 3. mai sak om tildeling av utrangerte PCar frå Hordaland fylkeskommune, jfr saksnr PS 103/2017, og vedtok å tildele utstyret til fem organisasjonar/stiftingar. Dykkar stifting Tore Eikelands Legat var ein av dei uttrekte, gratulerer!

Fylkesutvalet vedtok å tildele Dykkar stifting 15 stk PCar. Desse kan de hente hjå IT-seksjonen i Fylkeshuset med adresse Agnes Mowinckels gate 5, Bergen. Vi ber om at de melder frå i forkant på epost til [svein.dyrrdal@hfk.no](mailto:svein.dyrrdal@hfk.no) om kven som vil hente utstyret og når, og at vedkommande har med seg identifikasjon ved henting.

Venleg helsing

**Svein Dyrrdal**  
Økonomi- og organisasjonsavdelinga  
**HORDALAND FYLKESKOMMUNE**

Mobil: 945 00 093  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

**Fra:** Gmail - solfrid hanna [mailto:[solfrid.hanna@gmail.com](mailto:solfrid.hanna@gmail.com)]  
**Sendt:** 20. april 2017 09:01  
**Til:** Svein Dyrrdal <[Svein.Dyrrdal@hfk.no](mailto:Svein.Dyrrdal@hfk.no)>  
**Emne:** Søknad om PC'er til Tore Eikelands Legat

Til Hordaland Fylkeskommune v/ Svein Dyrrdal

Søknad om 20 PC-er

Viser til kunngjeringa på [hordaland.no](http://hordaland.no) om moglegheita for å få 20 PC-er til ideelt formål utanfor Noreg.

Tore Eikelands Legat ønsker å søke om å få disse PC-ane, slik at disse kan brukast i stiftelsens arbeid i Ghana. Vi trur disse kan spille ei viktig rolle i å utvide debatt- og demokratiseringsarbeidet vi driv i Ghana. PC-ane vil bli brukt på Tore Eikeland Skolen i Akokoa Village og på vidaregåande skolar i området rundt Barneskolen. PC-ane vil bli brukt til å gi ungdommane moglegheita til å forberede seg på debatter, sjekke informasjon og skrive taler. I tillegg håper vi at PC-ane på sikt vil mogleggjere ei større digital utveksling mellom engasjerte ungdommar i Ghana og Hordaland.

Kort om Tore Eikelands Legat:

Tore Eikeland var leiar av AUF i Hordaland og vart drepen på Utøya 22. juli. Tore var ein aktiv hordalending, som var ein viktig bidragsyter i lokal- og regionspolitikken. Han sto på Arbeiderpartiet si fylkestingsliste for valet i 2011, og hadde blitt valt inn som representant om han ikkje hadde blitt drepen.

I ettertid av tragedien 22. juli, vart Tore Eikelands Legat stiftet. Legatet er ein ideell stiftelse som vart oppretta for å vidareføre Tore Eikelands verdiar, tankar og planer for en betre utviklingspolitikk frå Noreg. Han var opptatt av å gi unge moglegheiter for å endre sin kvardag og sine lokalmiljø. Stiftelsens arbeid fokuserast mot å skape ei større forståing for meiningsutveksling og å hjelpe ungdom til å bli gode debattantar og aktive samfunnsborgarar.

Vi ser fram til å høyre om fylkesutvalets avgjerd i saka, og svarer gjerne på fleire spørsmål frå dykk

Med venleg helsing

Solfrid Hanna

Styremedlem, Tore Eikelands Legat  
tlf: 95083572